



Anne Karin og Leif Ingvard Steinhovden
Eikelandsvegen 135
5917 ROSSLAND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/1527 - 15/640

Saksbehandlar:

Harry Finseth

harry.finseth@meland.kommune.no

Dato:

13.01.2015

Ferdigstilling av kommunalt avlaupsanlegg på Eikeland – Orientering om rutinar for tilknytning

Meland kommune har no ferdigstilt avlaupsanlegget på Eikeland. Framføring av kommunale VA-anlegg til dei ulike bygdene i kommunen medfører store kostnader. Det er eit mål at flest mogleg vert tilknytt, slik at anlegga vert godt utnytta. Meland kommunestyre har difor gjort vedtak om prinsipp for tilknytning til kommunalt vatn og avlaupsanlegg. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 27 pkt.1 for vatn og § 27 pkt. 2 for avlaup. Lov om forureining medfører at også fritidsbustader må knyte seg til godkjent avlaupsanlegg.

Meland kommune vil gje pålegg om tilkopling for dei eigedommane som ikkje søker, jf. prinsippvedtak i kommunestyre sak 010/08. Slike pålegg vil bli vurdert innan 3 år. Tilknytning til kommunalt vatn- og avlaupsanlegg er søknadspliktig. Dette gjeld også når ein vert pålagt å knyte seg til. Søknad skal sendast til Meland kommune via godkjend rørleggjarføretak, og skal vera godkjend før arbeid med legging av private leidningar startar. Kvar enkelt fastset sjølv kva rørleggjarføretak ein vil nytta.

Søknadskjema og kart som viser plassering av hovudleidning og aktuell tilkoplingskum får ein hjå Meland Kommune v/ Plan, utbygging og kommunalteknikk. Det skal betalast eingongsgebyr for tilknytning til det kommunale leidningsnettet. Pr. 01.01.2015 er gebyrsatsane i Meland kommune slik:

Tilknytingsgebyr vatn	kr 10 000 + mva
Tilknytingsgebyr avlaup	kr 10 000 + mva
Årsgebyr vatn	kr 3 290 + mva
Årsgebyr avlaup	kr 1 980 + mva

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Kvar enkelt må sjølv kosta private stikkleidningar samt arbeidet med tilknyttinga i kum på kommunalt anlegg.

Alle som har spørsmål vedk. tilknytting kan retta desse til Meland Kommune v/Harry Finseth tlf. 56 17 11 76 eller e-post: harry.finseth@meland.kommune.no

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Harry Finseth
rådgjevar kommunaltekniske anlegg

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.